



## Notat

Dato: 24.03.2017  
Arkivsak: 2014/15770-70  
Saksbehandlar: oleskau

---

<b>Til:</b>	Utval for kultur-, idrett- og regional utvikling Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland

På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet har Hordaland fylkeskommune etter initiativ frå Riksantikvaren identifisert, kartfesta og skildra **Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse** i Hordaland. Arbeidet har pågått sidan hausten 2013, og vart slutført i desember 2016.

Desse områda inngår i Riksantikvaren sitt register over **Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse** i Hordaland:

- Den indre farleia, Austrheim, Lindås og Radøy kommunar
- Byfjellene, Bergen kommune
- Fitjarøyane, Fitjar og Bømlo kommunar
- Søre Bømlo og Hespriholmen, Bømlo kommune
- Etne, Etne kommune
- Rosendal, Kvinnherad kommune
- Indre Sørfjorden, Odda kommune
- Ytre Sørfjorden, Ullensvang herad
- Eidfjord, Eidfjord kommune

I prosjektet inngår også ei skildring av Hordaland fylkeskommune si kulturlandskapshistorie.

Prosjektet er del i ei nasjonal kartlegging av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse som skal være slutført i 2020, som ei oppfølging av Noreg si binding til den europeiske landskapskonvensjonen. Østfold og Hordaland har vore pilotfylke. Erfaringane frå arbeidet i desse fylka var grunnlag for Riksantikvaren si avgjersle om landsdekkande gjennomføring for prosjektet.

I brev frå Riksantikvaren til Hordaland fylkeskommune, *Prioriteringer for kulturminneforvaltninga 2016*, dagsett 4.12.2015, vart prosjektet trekt fram som ei av dei prioriterte oppgåvene for 2016. Kultur-, idrett-, og ressursutvalet hadde i møte 19.januar 2016 prioriteringsbrevet til handsaming, og Fylkesutvalet hadde saka til vurdering i møte 29.januar 2016. Utvala gjorde likelydande og samrøystes vedtak om ferdiggjering av prosjektet i 2016, i tråd med prioriteringsbrevet:

Vedtak i Kultur-, idrett-, og ressursutvalet – 19.januar 2016:

### **PS 17/16 Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2016**

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

8. Fylkesutvalet ber om at arbeidet med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Hordaland vert prioritert.

#### **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.01.2016**

Det var 11 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Vedtak i Fylkesutvalet – 29.januar 2016:

### **PS 22/16 Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2016**

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

8. Fylkesutvalet ber om at arbeidet med å etablere eit register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Hordaland vert prioritert.

Utkastet til **Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse** var til offentlig høyring i 2014. Åtte av elleve kommunar der det er foreslått landskap, gav fråsegn. I tillegg kom Ulvik Herad med innspel. Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren hadde i mars 2016 møte med fleire av kommunane, for å avgrense landskapa i samråd med kommunane, med bakgrunn i høyringsfråsegnene deira. I etterkant av møta var det vidare dialog med kommunane om landskapa.

I november 2016 sende Hordaland fylkeskommune inn endeleg forslag til kart og skildringar til Riksantikvaren, som utarbeida og står ansvarleg for rapporten **Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland**, jf. vedlegg 1.

Hordaland fylkeskommune mottok den endelege rapporten frå Riksantikvaren 21. desember 2016. I januar 2017 kartfesta Fylkeskonservatoren områda i kulturminnedatabasen Askeladden, og sende pressemeldingar til riksdekkjande media og lokalaviser om dei kulturhistoriske landskapa. Ved oppteljing mars 2017 var det 15 medieoppslag. Etter oversending av resultatet av arbeidet med formidling av prosjektet i media til Riksantikvaren, er prosjektet no avslutta.

Arbeidet er utført av Hordaland fylkeskommune ved følgjande arbeidsgruppe:

Ole Vegard Skauge – Kultur- og idrettsavdelinga, fylkeskonservatoren  
Tore Slinning – Kultur- og idrettsavdelinga, fylkeskonservatoren  
Eva Kathrine Taule – Regionalavdelinga, planseksjonen

#### Vedlegg:

Vedlegg 1 – Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse – Rapport

Vedlegg 2 – Brev frå Riksantikvaren 21.12.2016 – Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland – ni landskap er valde ut til register

Vedlegg 3 – Høyringsnotat – Oppsummering av høyringsfråsegnene med merknader frå Riksantikvaren